

Forretningsorden for representantskapsmøtet

Fullmakter

1. Representantskapet godkjenner fullmakter etter innstilling frå kontrollkomiteen.
2. Representantskapet kan, med kvalifisert fleirtal, godkjenne for seint innkomne fullmakter og eventuelt også fullmakter som blir lagt fram på møtet.

Tale-, forslags- og røysterett

3. Medlemmane i representantskapet er 2 representantar frå kvar organisasjon, som møter med tale-, forslags- og røysterett under representantskapsdrøftingane.
4. Representantar frå observatørmedlemmar og etableringsmedlemmar møter med tale- og forslagsrett.
5. Medlemmar av LNU sitt styre samt generalsekretæren har tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett. Assisterande generalsekretær har talerett under saker om LNUs budsjett og rekneskap.

Taletid, replikkar med meir

6. Taletida for innlegg er 2 minutt og for replikk 1 minutt. Avgrensingar i taletid kan innførast av representantskapet med simpelt fleirtal, etter forslag frå ordstyrarane eller frå medlemmane i representantskapet. Ordstyrarane kan gjere unntak frå taletid for forslagsstillar eller liknande.
7. Til kvart innlegg kan det maksimalt bli gitt 2 replikkar og 1 svarreplikk. Ordstyrarane kan om nødvendig innskrenke tilgangen til replikkordskifte ytterlegare.
8. Innlegg til dagsorden, forretningsorden og voteringsorden skal sleppast til utanom talarlista.
9. Det kan setjast strek for debatten med simpelt fleirtal etter forslag frå ordstyrarane.

Om handsaming av saker

10. Forslag til sakar, vedtektsendringar og resolusjonar på representantskapsmøtet skal vere innsendt til sekretariatet seinast 60 dagar før møtet.
11. Representantskapet kan, med kvalifisert fleirtal, vedta at saker som er innkomne seinare eller som eventuelt blir tekne opp på møtet, likevel skal takast opp til handsaming. Dette gjeld ikkje forslag til vedtektsendringar.
12. Forslag til endringar på føreslåtte resolusjonar eller forslag til endringar i føreslått program må leverast innan kl 18:00 dagen før representantskapsmøtet.
13. Alle forslag skal innleverast via oppgitt skjema.
14. Redaksjonskomiteane skal behandle alle endringsforslag og innstille dei vedtatt, avvist, ikkje realitetsbehandla eller oversendt til styret. Komiteane kan fremje eigne forslag etter forslagsfristen, men berre for å omformulere eller slå saman allereie innsendte forslag.

Avrøystingsreglar

15. Dersom ikkje noko anna er sagt, blir saker avgjort med simpelt fleirtal. Røysting skjer normalt ved visning av røysteteikn.
16. Vedtektsendringar kan berre skje med kvalifisert fleirtal.
17. Ordstyrarane eller medlemmar av representantskapet kan gjere forslag om skriftleg røysting. Skriftleg røysting skal gjennomførast dersom nokon av dei med røysterett krev det. Avrøysting ved opprop kan vedtakast med simpelt fleirtal.
18. Personar som er nominert innan fristen, men ikkje innstilt frå valkomiteen, må melde benkeforslag innan kl. 12:00 same dag som representantskapsmøtet. Benkeforslag skal leverast ordstyrarbordet og må angi kva for ein kandidat det benkast mot.

19. Ved personval, der det berre er ein kandidat til ein plass, vel delegatane normalt ved akklamasjon eller visning av røysteteikn. Valet gjennomførast skriftleg dersom ein eller fleire av delegatane med røysterett krev dette. Det blir kravd absolutt fleirtal for å bli valt.
20. Dersom det er to eller fleire kandidatar til ein plass, skal valet vere skriftleg. Det blir kravd absolutt fleirtal for å bli valt.
21. Dersom ingen blir valt i første runde, blir nytt skriftleg val gjennomført mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Det blir kravd absolutt fleirtal for å bli valt.
22. Ved val skal dørene til møtesalen vere lukka, slik at ordstyrarane kan ha full oversikt over kor mange med røysterett som er tilstade. Dette medfører ikkje at dei som er tilstade utan røysterett må forlate salen.

Fleirtal

23. I representantskapet gjeld følgjande definisjon av simpelt fleirtal: Meir enn halvparten av gitte røyster vart gitt for forslaget. Fråhaldande tel altså ikkje.
24. Absolutt fleirtal er definert slik: Meir enn halvparten av dei med røysterett må røyste for forslaget. Fråhaldande tel i praksis som røyster mot.
25. Kvalifisert fleirtal er definert slik: $2/3$ av dei med røysterett må røyste for forslaget. Fråhaldande tel i praksis som røyster mot.
26. Unntak frå forretningsorden/dagsorden
27. Ordstyrarane kan foreslå at det blir gjort unntak frå dagsorden eller forretningsorden. Representantskapet gir tilslutning til dette ved simpelt fleirtal. Dette gjeld ikkje for punkt 5 og 6.

Bruk av rusmidlar

Barne- og ungdomstinget er eit alkoholfritt arrangement. Ellers skal ein følge norsk lov.